



## REFERAT

Vedlegg nr. 1a

## Styringsgruppen for Miljøloftet

**Møte 2/2023 | Klokkeslett: 08.30 - 11.30 | Dato: 22.02.2023****Møtested:** Teatersalen, Bergen rådhus

Saksbehandler: Aina Haugstad

Dato: 24.02.2023

	Navn	Part
<b>Møtedeltakere</b>	Ingrid Dahl Hovland	Vegdirektør
	Jon Askeland	Fylkesordførar, Vestland fylkeskommune
	Ingrid Nergaard Fjeldstad	Byråd, Bergen kommune
	Nina Bognøy	Varaordfører, Alver kommune
	Vidar Davidsen	Utvalgsleder, Askøy kommune
	Trine Lindborg	Ordførar, Bjørnafjorden kommune
	Tom Georg Indrevik	Ordførar, Øygarden kommune
	Kjell Kvingedal	Statsforvaltaren i Vestland
	Solveig Paule	Jernbanedirektoratet
<b>Øvrige</b>	Aina Haugstad	Sekretariatet, Miljøloftet
	Malin Bismo Lerudsmoen	Statens vegvesen
	Tone Oppedal	Statens vegvesen
	Kristian Hella Bauge	Statens vegvesen
	Dina Lefdal	Vestland fylkeskommune
	Jostein Fjærstad	Vestland fylkeskommune
	Johnny Breivik	Øygarden kommune
	Knut Natlandsmyr	Askøy kommune
	Jannicke Sem-Onarheim	Bjørnafjorden kommune
	Roald Aandahl	Bergen kommune
	May-Britt Hernes	Bergen kommune
	Ørjan Raknes Forthun	Alver kommune
	Kristoffer Sandvik Monsen	Sekretariatet, Miljøloftet
	Eva Mari Pettersen	Sekretariatet, Miljøloftet

## Saksliste

**Sak 17/23 Godkjenning av innkalling og saksliste****Vedtak:** Innkalling og saksliste er godkjend.

## **Sak 18/23 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 18.01.2023**

Det var ein merknad til «Orientering om gjennomgang av finansiering av Bybanen BT5 i forbindelse med prioriteringsoppdrag til NTP», under eventuelt.

*Vedtak: Vedlagt referat justerast på bakgrunn av innspel og sendast ut på ny godkjenningsrunde.*

## **Sak 19/23 Handlingsprogram 2024-2027**

Eva Mari Pettersen, sekretariatet, presenterte. Innleiingsvis blei det peikt på at praksis med indeksering får innverknad på tilgjengelege midlar i åra som kjem. Dei seinare åra har det vore relativt store avvik mellom Finansdepartementet sin budsjettindeks, som set ramma for handlingsprogrammet, og byggekostnadsindeksen, som styrer kostnadsutviklinga på igangsette prosjekt. Over tid minkar handlingsrommet. For Handlingsprogram 24-27 blir indeksen som er kjent for 2024, brukt.

Utgiftene til mva og prosjektering på post 66-prosjekt, vil bli dekka av det fylkeskommunale bidraget til Miljøløftet, for prosjekta i Bergen kommune. For prosjekta i omegnskommunane dekkjer fylkeskommunen mva. over andre budsjettpostar. Det varierer korleis prosjektering blir finansiert.

Diskusjonen i dagens møte konsentrerte seg om prosjekt knytt til Post 30 i Bergen, og det fylkeskommunale bidraget. Det er spelt inn prosjekt for langt høgare summar, enn det som vil vere tilgjengeleg innanfor gjeldande avtale.

Jon Askeland, Vestland fylkeskommune, foreslo å utsette Bjørgeveien og Salhusveien. E16 Trafikktiltak Nygårdstangkrysset/ Fjøsangerveien og E16 Kollektivtiltak i Foreningsgaten er prioriterte prosjekt for fylkeskommunen.

Ingrid Nergaard Fjeldstad, Bergen, peikte på behovet for meir midlar i byvekstavtalen. Det har tatt tid å få fram gode prosjekt, og reguleringsarbeid i tettbygd by er krevjande. Utan garanti for at prosjekta faktisk blir bygd, kan det vere utfordrande å stå i desse prosessane. Med staten sitt mål om 20% sykkeldel er det trøng for vesentlege tiltak og det finst tilgjengelege prosjekt. Statens vegvesen peikte på at Bergen er avhengig av eit samanhengande sykkelvegnett for å få opp sykkelandelen og at dette er i tråd med Bergen sin sykkelstrategi.

Vidar Davidsen, Askøy kommune, vil prioritere Fv5208 Kjøkkelvikvegen samanhengande gang og sykkeltilbod. Dette prosjektet skal byggast i samanheng med trygg drikkevassforsyning. Det er viktig med god framdrift på reguleringsplanen. Dette blir den einaste gang- og sykkelvegen inn og ut av Askøy.

Tom Georg Indrevik, Øygarden kommune, vil halde fram med arbeidet med å jobbe politisk for at midlar frå post 30 skal kunne brukast til auka satsing på kollektiv. Her har Statens vegvesen i tidlegare møte svart at post 30 skal brukast til investeringstiltak. Ein bruk slik som Øygarden ønsker vil krevje endring i vilkåra for dette tilskotet.

Tone Oppedal, Statens vegvesen, foreslo at prosjektet E16 Kollektivtiltak i Foreningsgaten blir finansiert i samband med ferdigstillinga av Olav Kyrres gate. Vegvesenet arbeider og med gjennomgang av sykkelstamvegprosjekta og kjem tilbake med nytt talgrunnlag.

Fleire av partane var opptekne av at prosjektet Utredning av kollektivprioritering på innfartsårer i Bergen blir realisert raskare, enn gjennom neste års handlingsprogram.

Dina Lefdal, Vestland fylkeskommune, vil undersøke alternative finansieringsmåtar for prosjekta Utredning av kollektivprioritering på innfartsårer i Bergen, Gangbro over E39, Åsane sentrum i Bergen kommune og Arbeidsprogram for arbeidsgruppe Bergen sentrum.

*Vedtak: Styringsgruppa drøfter innhaldet i saka og gjer innspel til vidare prioriteringar. Sekretariatet arbeider vidare med forslag til handlingsprogram på bakgrunn av diskusjonane i møtet.*

### **Sak 20/23 Bruk av tilskot til betre kollektiv**

Jon Askeland, Vestland fylkeskommune, orienterte. Fylkeskommunen og Bergen kommune har forventningar om at midlane på Post 66 *regjeringens bompengeavtale til bedre kollektivtilbud* blir nytta til Bybanen også for resten av avtaleperioden. Hausten 2023 vil dei legge fram ei sak om konkretisering av bruken av desse pengane. Det er ønske om at saka blir lagt fram for fylkesutvalet før den vert handsama av styringsgruppa.

*Vedtak: Statens vegvesen sender eit brev til Samferdsledepartementet der det kjem fram at partane er einige om at tilskotet i sin heilskap no skal gå til bybanen, men at vidare konkretisering skjer først hausten 2023 og i etterfølgande år i handlingsprogrammet. Dette er i tråd med prosess for endring av bruken av dette tilskotet som omtala i brev frå SD 11. november 2022.*

### **Sak 21/23 Haldning og kjennskap til Miljøløftet – resultat frå årleg spørjeundersøking**

Kristoffer Sandvik Monsen, sekretariatet, presenterte dei overordna resultata.

*Vedtak: Styringsgruppa tar saka til orientering.*

### **Sak 22/23 Status for Bybanens byggetrinn 5**

Ingrid Nergaard Fjeldstad, Bergen kommune, presenterte. KS2 må vere utført før bybanen kan bli finansiert over statsbudsjettet. Det er trøng for tilleggsavtale for BT5. Endeleg fastsett statleg del og bompengebidrag må bli fastsett gjennom forhandlingar. Det er ønske om at det blir gjort tilleggsforhandlingar parallelt med KS2.

Jamfør framdriftsplanen skal reguleringsplanen til 2. gangs behandling i vår. Det blir arbeidd med høyringsmerknader og motsegn. Partane blir oppfatta til å vere løysingsorienterte, og det ser ut til at alle motsegn lar seg løyse. Den administrative fristen for eit ferdig planutkast er i slutten av mars. Parallelt med reguleringsplanarbeidet, er planforslaget om nytt laup til Fløyfjellstunnelen sør sendt på høyring. Bergen prøver å legge til rette for at desse to sakene blir behandla i same politiske møte.

Tone Oppedal, Statens vegvesen la til at Fløyfjellstunnelen nord er del av bt 5. Der skulle det ha vore fastsett styringsmål før forslaget blei sendt ut. Dette er no ei delegert oppgåve frå departementet og Vegvesenet reknar med å få dette på plass før behandlinga.

*Vedtak: Styringsgruppa tar saka til orientering.*

## Sak 23/23 Oppdaterte tal frå Skyss

Målfrid Vik Sørstabø, Skyss, presenterte, med særskilt fokus på Bybanen og strekninga Bergen - Os. Kundane var tilbake for fullt etter pandemien frå mai 2023. For båten tok det noko lengre tid, men frå januar 2023 er også dei reisande på båt tilbake.

Langs regionstamlinja Os – Bergen var det totalt ei 18% auke i tal påstigingar i november 2022, samanlikna med før pandemien. Berekningar for å utelukka reisande innanfor Bergen viser ein auke på 7%. Auken er større i nordgåande reiser, enn i sørgåande. I Bjørnafjorden kommune er det 20% fleire som reiser, samanlikna med før.

Langs Bybanen er det totalt sett ein auke. Linje 1 har litt færre reisande enn før, noko som kan forklarast med overføring av reisande til linje 2. Det er fleire som reiser med kollektiv frå Fyllingsdalen etter opninga av linje 2. Dei fleste tek framleis buss.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tar saka til orientering.*

## Sak 24/23 Oppdaterte tal frå Jernbanedirektoratet

Øivind Støle presenterte. Togtrafikken er i vekst, men talet reisande er ikkje tilbake til tala før pandemien. Det er store variasjonar, mellom anna grunna arbeid på linja og driftsproblem i togsetta. Fjerntoga har vore hardast råka, men talet reisande er på veg opp. Det kjem nye fjerntog og det nærmar seg full drift på dobbeltspor.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## Sak 25/23 Eventuelt byvekstavtale bergensområdet

### Innspelsmøte med Samferdselsministeren

Jon Askeland og Ingrid Nergaard Fjeldstad møtte på vegner av Miljøloftet og oppsummerte. Statsråden var oppteken av forbetningspunkt og utfordringar i avtalene. Det var ei unison tilbakemelding frå alle byvekstavtaleområda om at byvekstavtalene er viktige, men at tilskotsordningane bør forenklast. Særskilt avgrensingane av midlar til plan- og prosjektering gjer gjennomføringa tungvint og flytter midlar frå andre prosjekt og finansieringskjelder. Inntrykket er at sjølv om Miljøloftet har sine utfordringar, ser det samla sett ut til at vi har høg måloppnåing, gode grunnlag for avgjersler og større einigkeit i prosessane her, enn i andre område. Det kan sjå ut som om vi har gjort gode grep i avtalestrukturen, ettersom at dialogen er betre her, enn i dei andre områda.

Andre punkt som var diskutert, var behovet for føreseieleg finansiering frå staten. Det er utfordrande at talet avtaleområde aukar, utan at potten til finansiering aukar tilsvarende. Løyvingar i Statsbudsjettet kjem seint på året og ikkje alltid i tråd med vedteke handlingsprogram. Det var og løfta behovet for å opne verktøykassa og nærmare vurdere kva for verkemidlar vi har. Det er ønske om meir fleksible vegnormalar for sykkelvegar og generelt sett senke transportbehovet.

Samla sett var opplevinga at statsråden stilte gode spørsmål og utfordra partane noko tilbake. Det blei sagt at Staten ønsker å gå vidare med byvekstavtalene, men ikkje noko om omfang.

## Brev til samarbeidspartnalar

Vegdirektøren har sendt ut brev til alle partane i byvekstavtaleområda og informerte om innhaldet i møtet. Vegdirektøren ser behov for å forenkle prosessane i styringsgruppene og å legge til rette for likebehandling.

Partane er inviterte til å delta i arbeidet med ein representant frå kvart område. Ingrid Nergaard Fjeldstad peikte på Anne Iren Fagerbakke, kommunaldirektør i Bergen, som ein aktuell kandidat frå Miljøloftet.

Kjell Kvingedal, Statsforvaltaren, trakk fram verkemiddelbruken rundt areal og transport som eit aktuelt tema i arbeidet. Det bør undersøkast om samarbeida har bidrige til å påverke arealpolitikken i avtaleområda og vurderast om tilnærminga kan bli meir einsarta på tvers av avtaleområda.

## **Bypakke Bergen**

### **Sak 26/23 Bypakke Bergen: Trafikk og inntekt**

Ragnhild Dalsbø, Vestland fylkeskommune, presenterte oppdaterte tal. 2022 resulterte i ein auke på knappe 200 bilpasseringar over ~~nullvekstmålet~~prognosan om 250.000 i ÅDT. Gjennomsnittleg del nullutsleppskjøretøy var på 36,1%. Gjennomsnittsinntekta for 2022 blei 11,26, der proposisjonen legg til grunn ei inntekt på 12,73 kr. Det er venta at prosentdel nullutsleppskjøretøy passerer 40% i neste månad og 50% mot slutten av 2024.

For 2023 er prognosan for inntekt endra pga justeringa av elbiltakstane. Anslaget for gjennomsnittstakst er no på 12,30, éi krone over anslaget utan tiltak. 1. mars aukar takstane, men gjennomsnittstaksten ville vore for låg sjølv med ein auke frå 1. januar. Prognosan for netto bompengeinntekter er 836 mill., men dette er eit usikkert tal.

Tone Oppedal, Statens vegvesen, peikte på at det er eit paradoks at vi har ei utvikling som ikkje er i samsvar med nullvekstmålet – samstundes som vi gjennom proposisjonen tapar inntekter til prosjekt som er viktige for oss.

*Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

### **Sak 27/23 Trafikale effektar av ulike takstalternativ**

Sigmund Solberg, Vestland fylkeskommune, presenterte. Det er gjort berekningar for å estimere effektane av fire ulike takstalternativ: 50% elbilrabatt; 30% rabatt; og to kombinasjonsalternativ. Det er naudsynt med kombinasjonsalternativ for å oppnå gjennomsnittstakst, elbilrabatt åleine vil ikkje gi dette. Alle betalingsalternativa gir trafikkvekst. Befolkningsvekst og fordelane med elbil driv det meste av veksten, i tillegg til nye vegprosjekt. Overordna sett er det ikkje noko nytt i desse resultata: bompengar åleine får ikkje ned biltrafikken. Dette er kjent frå byutgreiingane.

*Vedtak: Styringsgruppa er bekymra for den venta veksten i biltrafikken. Styringsgruppa vil arbeide for at det gjennom Miljøloftet blir nytt ait større spekter av verkemiddel for å oppnå nullvekstmålet for biltrafikken.*

## Sak 28/23 Bypakke Bergen: Byggetrinn 5 og NTP-prosessen

Tone Oppedal, Statens vegvesen, orienterte. Statens vegvesen har i samband med prioritiseringsoppdraget til NTP, vurdert bompengepotensialet, mellom anna til Fløyfjellstunnelen nord. Arbeidet er i gang og vil ikkje bli offentleg før 31. mars. Det vart understreka at dette berre er vurdering av moglegheiter. Bruk av bompengar skal bestemmast av styringsgruppa. Dei vurderingane som Statens vegvesen gjer, må diskuterast i styringsgruppa når dei er klare. Ein eventuell diskusjon om endring av takstar vil ikkje vere aktuell før til neste år.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## Sak 29/23 Bypakke Bergen: Eventuelt

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*